Nummer 1 2018

Årgang 6

Landbruksnytt frå

Sveio kommune

Om informasjonsskrivet

Framside:

Belted galloway kyr
Foto: Britt Odrun Stuve

Gode gardbrukar!

Det blei ikkje noko skriv nummer to i fjor. Tida blei for knapp, blant anna på grunn av nytt system for behandling av søknader om produksjonstilskot.

Me håpar me kjem i mål med to skriv i år.

I dette skrivet kan du lesa om produksjonstilskot, RMP, SMIL og andre kjekke saker.

Her står òg litt om ugras i eng og beite , skrive av Annlaug i NLR Rogaland.

Me håpar du får godt utbytte av skrivet.

God lesing!

I dette nummeret:

Om informasjonsskrivet	2
Produksjonstilskot	2
Vanleg jordbruksproduksjon	3
Gardskart/areal	3
Ugras eng og beite	4
Utsiktsrydding	5
RMP	6
Graslandet Noreg	6
Skog	6
SMIL	7
Drenering	7
Gjødslingsplan	8
Spreieareal	8
Sein spreiing	8
Facebook	8
Nydyrking	8
Jordleige	8
Vilt	9
Jordbruket i Sveio	10
Kontakt oss	11

Produksjonstilskot

Snart er det ny søknadsrunde!

Søknaden er open frå 1. - 15. mars. Teljedato er 1. mars (og 1.oktober)

Det er ikkje råd å søkja etter fristen.

Det er ikkje råd å søkja på nye ordningar etter fristen, men i løpet av 14 dagar etter fristen (29.mars) kan søknaden endrast av søkjar på dei ordningane det er søkt.

Det er og viktig å kryssa av rett for gjødslingsplan, plantevernmiddeljournal og driftsfellesskap. Det er eit krav om at dette må vera på plass, jamfør forskrifta. Dersom ein ikkje har gyldig gjødslingsplan, fritak frå eittårig gjødslingsplan eller journal for plantevernmidlar, gir det automatisk avkorting med inntil 20 % av totalt tilskot til jordbruksarealet.

Bruk dialogfeltet om det skulle vera noko som kan vera viktig for behandling av søknaden!

Spesielt gjeld dette sauebruk der det har oppstått uføresette ting som for eksempel rovdyrtap. Det er viktig at søkjar opplyser sidan opplysingsplikta ligg hos søkjar og kommunen ikkje kan kjenna til kva som skjer på den enkelte garden.

Avløysartilskot:
Etter omlegging av søknadssystemet er søknadsfristen i oktober og ein søkjer for året som er. Om ein ikkje har brukt opp alt ein kan få i refusjon til oktober, må ein etterregistrera dette innan 10. januar året etter.
Ein må ha brukt over 5000 kroner for å få det refundert.

Når det gjeld ordninga bevaringsverdige husdyrrasar, så SKAL det ligge dokumentasjon ved søknaden. Dette blir ikkje kontrollert sentralt, så då skal den vera med inn når ein sender søknad. Dokumentasjon kan om ynskjeleg leverast på papir.

Litt bak i skrivet kan du lesa om ugras i eng og beite. Det er viktig å vera klar over at mykje ugras (over 50%) i eng og beite kan føra til avkorting i arealtilskotet. Å ha god kontroll på ugraset er viktig for avling, økonomi, inntrykk, nabotilhøve og eventuelt for arealtilskot.

Lukka til med søknadsrunden. Ta gjerne kontakt om det dukkar opp spørsmål!

Vanleg jordbruksproduksjon

Det må vera såkalla vanleg jordbruksproduksjon for å ha rett på produksjonstilskot. Dette er eit grunnvilkår. Grunnlaget for produksjonstilskot fell vekk om det ikkje er vanleg jordbruksproduksjon.

Derfor er det viktig at ein held seg innanfor det som er fastsett som vanleg jordbruksproduksjon.

Vanleg jordbruksproduksjon vil seia at produksjonen skal liggja innafor ei norm som kan seiast å vera normalt god produksjon. Ut frå Landbruksdirektoratet si konkretisering, er definert nedre grense for kva som er vanleg jordbruksproduksjon.

For mjølkeku må produksjonen vera minst 3800 liter mjølk per ku per år.

For sau skal det vera slakta lam, og lamma skal vera innanfor vekta for rasen. Me brukar sauekontrollen sine gjennomsnittsvekter. For sau skal det òg vera nok lam per sau. Vaksne sauer skal parast om dei ikkje skal utrangerast. Det er ikkje krav om å para påsettlam. Det bør opplysast i søknaden kor mange påsettlam som ikkje er para.

Det er viktig at det vert opplyst i søknaden om det skulle vera større avvik frå kravet om vanleg jordbruksproduksjon. Ein kan nytta dialogboksen i søknadsskjema, leggja til dokument eller rett og slett senda oss ein e-post (eller eventuelt ta ein telefon).

Om kommunen vurderer drifta i eit føretak til ikkje å vera vanleg jordbruksproduksjon, vil me varsla søkjar. Søkjar har rett til å uttale seg og eventuelt koma tilleggsopplysningar før det vert gjort eit endeleg vedtak. All tilbakemelding må vera skriftleg.

Gardskart / areal

Endring må vera inne innan 10. mai.

Det er no periodisk kontroll av gardskart i Sveio. Det vil seia at NIBIO (Norsk institutt for bioøkonomi, tidlegare Skog og landskap) skal analysera areala på grunnlag av nye flybilete tekne våren 2016.

NIBIO går igjennom alle rettingar som er gjort dei siste 10 åra. Dei går òg over karta og ser om det kan vera andre endringar som ikkje er plukka opp tidlegare eller endringar som ikkje er meldt frå om (For eksempel bilvegar, bebygd areal). Det kan og gjelda område som er blitt forsumpa, område som er ute av drift og som har grodd igjen.

Det kan derfor vera endringar i karta på landbrukseigedomane i Sveio. Det er viktig at alle går inn og ser over areala på eigedomane ein disponerer og sjekkar om det er feil nokon stad. GI BESKJED om feil. Kommunen vil sjekka og retta opp.

Kartet finn du på denne nettadressa: http://gardskart.nibio.no/ Enkelt og greitt kart å forstå.

Me skal ut og sjå på ein del areal som NIBIO meiner ikkje held mål som fulldyrka/ overflatedyrka jord og innmarksbeite.

Opplysningane om areal i søknad om produksjonstilskot må stemma med arealet i Gardskart. Det let seg ikkje søkja om meir areal enn det som står i Gardskart.

Så om du har fått meir areal på eigedommen din, ta kontakt!

Når det gjeld leigeareal, så må ein vera sikker på kva areal ein leiger og om ein leiger alt eller noko av arealet på eigedommen. Finn ut kva som er på eigedommen med å søkje den opp i Gardskart.

Det var i fjor igjen mange tilfelle med leigejord der fleire søkjer på same arealet! Dette brukar me unødvendig mykje tid på.



UGRAS i eng og beite

Mange slit med å få kontroll på ugraset. 2017 var eit ekstra vanskeleg år. Været gav ikkje mange sjansar verken til mekanisk eller kjemisk ugraskamp. Når eng eller beite har svært mykje ugras bør ein breisprøyta eller vurdera å snu enga.

Vanleg høymole (t.v) og byhøymole. Godt utvikla blad– god tid for å sprøyte

Høymole kan gjera mykje av seg i eng og på storfe-beiter. Sauen beitar høymola og på gode sauebeite er den derfor sjeldan problem. Det er mange middel som kan brukast mot dei to høymole-artane som er vanlege hjå oss. Byhøymola, «den rauda», er rekna for å vera litt vanskelegare enn den vanlege høymola. Val av middel må gjerast ut frå verknad på ugras-samansetnaden, gras og kløver. Den som er avhengig av maksimal avling kan med fordel legga sprøytinga på ettersommaren eller velja middel som er snille mot graset. (Starane-preparata; Cleave, Tomahawk, Spitfire, Starane XL). Desse midla verkar òg godt mot løvetann og syregras, men skadar kløveren. Dersom det er viktig å skåna kløver kan Gratil brukt på ettersommaren vera eit alternativ mot høymola. Ally (med tilleggsetikett for gras, Off Label) er eit rimeleg middel som verkar brukbart på ein del ugras, men ein må vera ekstra nøye under blandinga. Overdosering kan gi vekststopp på graset. Mange har god erfaring i å blanda inn Ally ved haustbrakking. Har ein eit stort høymoleproblem på garden bør ein ta omsyn til dette ved sprøyting i gjenlegget. Det er ingen lettvinte mekaniske metodar for å ta høymola, men enkeltplanter kan fjernast med spade eller høymolegreip.

Lyssiv har auka svært mykje dei siste tiåra. Enkelte felt kan vera heildekkande av sivtuer. Det er først og fremt eit beiteugras, men den kan dukka opp i eng som blir drive ekstensivt. Siv kan haldast i sjakk med beitepussing der ein kjem til. Midtsommar og haust er beste tida. Det er få kjemiske middel å velja i, men fenoksysyrene (mekoprop og MCPA) virkar godt nesten heile vekstsesongen. Eit praktisk tidspunkt kan derfor vera når beitet er godt nedbeita. Dyra kan då gå på andre beite under behandlingsfristen. Begge desse midla har nå berre 14 dagar frist før ein kan sleppa på dyr igjen etter sprøyting. Dekardose er sett ned. Les alltid etiketten før sprøyting. Har sprøytemiddelet stått i årevis kan ein henta oppdatert etikett på nettet.

Toårige tistlar kan òg ta mykje av plassen i beite. Mekoprop og MCPA er aktuelle mot tistel. Beste sprøytetida er i mai. Når plantene står med høg blomsterstengel er sprøyting nærmaste bortkasta. Mange har gode erfaring med å ta ein runde på ettersommaren og tidleg haust mot planter som skal blomstra året etter. Er det berre enkeltplanter i beite bør ein punktsprøyta eller velja andre metodar. Å legga salt eller litt kunstgjødsel i midten av bladrosetten er eit kjend råd. Dette verkar uttørkande på planta og bør gjerast i finvær. Veldig mange bruker hakke for å ta tistelplanta. Dette arbeidet kan gjerast sjølv om det er regn. Og det kan gjerast på ein mild vinterdag for den som er heime i dagslys.

Hakking er effektivt mot toårige tistlar

Åkertistel er ein fleirårig tistelart som har blitt meir vanleg og som ikkje er like lett å halda i sjakk mekanisk. Blomen kan likna myrtistelen, den vanlegaste av dei toårige, men åkertistel breier seg med røter og lite ved hjelp av frø. Åkertistel vil ein derfor nesten alltid finna i avgrensa felt. Om du finn åkertistel i beite eller vegkantar er det derfor lurt å gjera ein ekstra innsats for å bli kvitt den frå garden igjen.

Tekst og bilete av: Annlaug Fludal, Norsk Landbruksrådgjeving Rogaland.

Utsiktsrydding

<u>To søknadsfristar: 1. mars og 1. september.</u>

Utsiktsrydding skal medverke til å fremje verdiar knytt til landbruket sitt kulturlandskap. Attgroing kan vera ei ulempe for landbruket, reiselivet og elles for omgjevnadene våre.

Hordaland har fått tildelt 3. mill. kroner i 2018. I Hordaland og Sveio finn me vegstrekningar og utsiktspunkt som treng ryddast. Det trengst eit realt ryddingsløft ved utsiktspunkt, raste- og møteplassar.

Vilkår for å få tilskot er at områda som skal ryddast skal vera av ein verdifull karakter for både landbruket og reiselivet. Rydding av skog og vegetasjon skal gje auka utsikt frå ferdselsårer, vegkantar og vegnære utsiktspunkt. Virket som blir tatt ut skal om mogleg brukast som bioenergiføremål.

Fristen for å utføra arbeidet er 2 år, og at området skal beitast i minst 3 påfølgjande år. Tilskotet kan ikkje brukast til gjerding.

Søknadsskjema finn ein på Landbruksdirektoratet sin nettstad. Det skal sendast til kommunen som gir uttale og sender søknaden til Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Fylkesmannen kan godkjenne inntil 70 % av kostnadane.

Under:
Vegen ut til Ryvarden er rydda med utsiktsmidlar. Bileta er tatt av Legria AS ved Leif Grindheim som har utført ryddejobben.

Før-nå bilete av vegen ut til Ryvarden

Regionalt miljøprogram (RMP)

Søknadsperioden er 1. august til 20. september

Altså ikkje samtidig som produksjonstilskotet!

Skjemaet som skal brukast er nasjonalt. Det er ikkje alltid namnet i det nasjonale skjemaet høver med namnet for den regionale ordninga som blir brukt.

Det er derfor særs viktig at ein les rettleiingsheftet eller tar kontakt med oss om ein er usikker på ei ordning og om ein kan søkje eller ikkje. Det er ikkje alle ordningane som er opne for alle.

Som eit eksempel kan me ta ordninga **Beite i utmark**. Den gjeld IKKJE dyr på beite heime i utmarka, men berre for dyr på beite i organisert beitelag på fjellbeite. Så har du ikkje dyr på fjellbeite i organisert beitelag, skal du heller ikkje søke på denne ordninga.

I 2017 var det veldig mange som søkte på feil ordningar og såleis ikkje kunne få tilskot.

Det er derfor særs viktig å søkje på rett ordning. Det utløyser tilskot og sakshandsaminga vert meir meiningsfull.

Les derfor rettleiinga før du søkjer RMP i 2018!

Spørsmål? Kontakt oss.

Graslandet Noreg

Jordbruksproduksjonen i landet og i Sveio er i det vesentlege basert på gras. Me ynskjer gjerne meir allsidig produksjon, men gras vil vera viktigaste produksjonen. To tredjedelar av jordbruksarealet i Noreg er grasmark. Tek me med den delen av kornproduksjonen som går til kraftfôr, utgjer are-alet til drøvtyggjarar 80 % av jordbruksarealet i landet.

I ein rapport frå nederlandske forskarar vert sørvestre del av Noreg på bakgrunn av klima og vekstforhold trekt fram som eit område som er på høgde med dei beste områda i Europa for engdyrking.

Sjølv om det kan vera store utfordringar i grasdyrkinga, som i fjor, er det kjekt å lesa om potensialet her hos oss.

Opplysningane her er henta frå artikkel hos NIBIO: https://www.nibio.no/nyheter/stort-avlingspotensial-i-graslandet-norge.

Elles kan me gleda oss over landbruksrådgjevinga (NLR Rogaland og NLR Vest) sitt omfattande stofftilfang om grasdyrking og annan produksjon i orienteringane deira som kjem kvar veke.

Her høver godt å minna om NLR Rogaland sin fagdag for grovfôr i Isvik bedehus 7. mars: https://rogaland.nlr.no/nyhetsarkiv/2018/grovfordag-2018/

Skog

Nærings– og miljøtiltak i skogbruket (NMSK)

Kommunen sin såkalla tiltaksstrategi for bruk av NMSK-midlane skal fornyast no i vinter. Midlane kan nyttast til skogkultur, gjødsling og planting. Gjeldande strategi ligg på kommunen sin nettstad: https://www.sveio.kommune.no/naring-natur-og-miljo/skogbruk/tilskotsordningar/.

Kulturminne og naturverdiar ved skogsdrifter

Fylkeskonservatoren har meldt om alvorlege tilfelle av skader på kulturminne i skog ved skogsdrifter. Moderne skogsdrift fører til store terrenginngrep. God planlegging der det vert teke omsyn til kulturminne - og naturverdiar - er viktige og obligatoriske delar av planlegging av skogsdrifter.

Spesielle miljøtiltak i jordbruket (SMIL)

Søknadsfrist for ordninga er 1. mai kvart år!

I år har me ikkje fått tildelinga før skrivet kjem ut. Tildelinga vil nok ikkje bli meir enn kva me fekk i 2017 då tildelinga blei 180 000 kroner til fordeling på SMIL-søknadar i Sveio kommune.

Det vart godkjent ny tiltaksstrategi for Sveio kommune som gjeld frå 2017- 2020. Denne ligg på nettstaden til Sveio kommune under landbruk.

Me vil prioritera SMIL-søknadane i Sveio slik:
- Tiltak på landbrukseigedomar med aktiv drift
- Fellestiltak
- Tiltak som gjeld naturverdiane i kulturlandskapet skal i størst mogleg grad prioriterast etter verdsetjing av naturverdiar i forskrift, kartleggingar og offentlege organ sine tilrådingar
- Tiltak som gjeld kulturminneverdiar skal prioriterast i samsvar med kommunen sin kulturminneplan
- Tiltak som gjeld bygningar skal i størst mogleg grad nyttast der bygningar er del av eit heilskapleg bygningsmiljø
- Tiltak som gjeld ureining skal prioriterast i samsvar med tiltaksplanar for vassmiljøarbeidet i vassregionane
- Tiltak som gjeld ferdsletiltak skal prioriterast der tiltaket er til stor gagn for friluftslivet eller der tiltaket kan leggja grunnlag for auka verdiskaping

SMIL-midlar kan løyvast til tiltak som lyngsviing for større område.

Søknadsskjema for SMIL kan ein finna på Landbruksdirektoratet si heimeside.

Kvernhuset på Lokna
Foto: Åshild Irene Lie

Drenering/grøfting

Siste frist er 15.oktober!

Ein kan alt søkje nå. Og det er ein del pengar i potten. Så det vil bli kontinuerlig behandling av søknadene dette året.

God drenering er alfa omega for god produksjon på jordbruksareala. God drenering reduserer dessutan faren for avrenning frå jordbruksjorda og sikrar eit godt vassmiljø.

Tilskot kan gis til drenering av tidlegare grøfta areal.

Satsen er 2000 per dekar (daa), ved systematisk grøfting, profilering og omgraving. Anna grøfting kan gi 30 kr per løpemeter, maks 2000 per daa.

Tilskot kan ikkje gis der tiltaket kan føra til skade på anna manns eigedom, fare for flom og vassforureining, eller fare for å skada kulturminner.

Tilskot kan ikkje gis til tiltak som alt er starta på.

Søknadsskjema finn ein på nettstaden til Landbruksdirektoratet.

Grøfting
Foto: Arild Hanesand

Gjødslingsplan

Alle som har over 5 gjødseldyreiningar (GDE) SKAL ha årleg plan, jamfør § 3 punkt 1 i forskrift om gjødslingsplanlegging.

Føretak som har ei enkel driftsform, liten variasjon i arealbruken eller ekstensiv driftsform, slik at gjødslingsbehovet varierer svært lite frå år til år, kan planen gjelda i inntil 5 år når søknad om dette er godkjend av kommunen.

Jamfør § 5 i forskrifta, kan kommunen dispensera frå kravet om gjødslingsplan for føretak med jordbruksareal som vert drivne svært ekstensivt.

Spreieareal

Mange spør kor mykje spreieareal dei har. All fulldyrka og overflatedyrka jord er godkjent som spreieareal. Du kan finna ut kor mykje areal du har på gardskart om du skulle vera usikker.

Om du ønskjer å spreie på innmarksbeite, må du søkja kommunen om godkjenning av slikt areal.

Søknadsskjema finn du på Sveio kommune sin nettstad under *Søknadssenter* og *Næring, natur og miljø*.

Sein spreiing

Må du spreia etter 1.september?

Ver tidleg ute med å søkje. Aller siste frist for spreiing utan nedmolding er 30. september.

Frå hausten 2017 er det nye rutinar. Nå må det søkjast på eige søknadsskjema for å få løyve til å spreia seint.

Søknadsskjema finn du på Sveio kommune sin nettstad under *Søknadssenter* og *Næring, natur og miljø*.

Facebook

Me prøver og henga med i tida og har oppretta ei side på facebook for bønder som søkjer tilskot i Sveio kommune.

Sida heiter **Gardbrukar i Sveio.**

Her kan du spørje om det du måtte lure på og dele ting frå kvardagen som kan vera aktuelt for andre bønder i kommunen.

Kommunen legg ut aktuell informasjon her.

Del gjerne bilete med oss på denne sida. Om me kan bruka dei i landbruksnytt er det veldig flott :)

facebook

Nydyrking?

Det SKAL søkjast når det skal gjerast inngrep/tiltak for å laga meir fulldyrka og overflatedyrka jord (Inngrep i kulturlandskapet).

Om det ikkje vert søkt, kan det gje avkorting (kutt) i produksjonstilskotet, jamfør § 4 og § 11 i forskrift om produksjonstilskot og avløysartilskot i jordbruket.

Ta gjerne kontakt med oss i landbruksforvaltinga om du er usikker på om det er søknadsplikt.

Meir opplysningar og søknadsskjema finn du på Landbruksdirektoratet sin nettstad under *Eiendom og skog*.

Jordleige

Leiger du jord?

Har du leigekontrakt?

Jamfør § 8 i jordlova har eigar driveplikt. For å oppfylla driveplikta ved å leiga vekk jorda, er det krav om skriftleg kontrakt.

I kontrakten er det mellom anna viktig å ha med arealet og korleis det fordelar seg på markslag (fylldyrka jord, overflatedyrka jord og innmarksbeite).

Kommunen skal ha kopi av kontrakten.

Skrantesjuka

Dette er ein sjukdom som fører til at smitta hjortedyr skrantar og døyr. Sjukdomen er svært smittsam og spreier seg gjennom spytt, urin og avføring. Dette får slike konsekvensar:
Det skal ikkje leggjast ut slikkesteinar til dyra. Ein skal heller ikkje fora dei med grovfôr. Sjukdomen blir nøye overvaka av Mattilsynet. Viltnemnda sine medlemmer vil få opplæring i høve prøvetaking av fallvilt.

Beiteskade frå storvilt

Den som slit med beiteskader frå storvilt på jordbruksareal, bør melda frå om dette til viltforvaltninga. På bakgrunn av beiteskade vil det kunna tildelast fleire fellingsløyve for både hjort og rådyr. I særskilte høve kan det gjevast skadefellingsløyve utanfor ordinær jakt.

Rev

Det er observert ein del rev i kommunen. Bestanden er diverre veksande. Det er registrert 43 felte vaksne rev i 2017. Så langt er det registrert 10 felte vaksne rev i 2018. Vonleg held ein oppe jakttrykket på rev. Det er ønskjeleg frå Viltforvaltninga at bestanden held seg så låg som mogleg. Fredningstida for rev er i tida 15. april til 15. juli. Det er yngeltida. Gjer reven skade (drep bufe), kan ein søkje kommunen om fellingsløyve.

Fallvilt

For 2017 vart det registrert 28 fallvilt i kommunen. Fallvilt er påkøyrde dyr, sjukdom og andre hendingar som kommunen får melding om. Det blei registrert 6 hjort, av desse vart 5 påkøyrd av bil. For eit dyr var det andre årsakar, men dyret vart friskmeldt. Det vart registrert 20 rådyr, av desse var 17 av dei påkøyrd av bil. 3 dyr vart funne daude, truleg av sjukdom. Det blei registrert 2 rev, ein påkøyrd av bil og ein funnen daud, truleg av sjukdom.

Foto: Tore Johann Enerstvedt

Jaktresultat

Fellingsresultat for hjort i 2017 er om lag same som i 2016 med to felte dyr meir. Bestanden har stabilisert seg. Truleg er det ein svak oppgong. Felte rådyr viser ein større nedgong på om lag 23 %. Me har fått informasjon om at det er observert færre dyr i nokre område, men det er ikkje godt å trekke nokon konklusjon. Bestanden vert truleg ikkje jakta ned. Det er kan hende ein veksande bestand av rev som har teke ein del rådyrkje i 2017.

Jaktresultat for Sveio for hjort (øvst) og rådyr (nedst) dei siste 6 åra.

2012	2013	2014	2015	2016	2017
140 dyr	134 dyr	127 dyr	123 dyr	129 dyr	131 dyr
88 dyr	70 dyr	72 dyr	71 dyr	101 dyr	78 dyr

Jaktresultat for Hordaland for hjort (øvst) og rådyr (nedst) dei 2 siste åra.

2016	2017
7490 dyr	6703 dyr
175 dyr	163 dyr

Jordbruket i Sveio

I tabellen under er det lista opp kor mange dyr det er i søknader om produksjonstilskot i Sveio.

Tala er henta frå søknadsomgangen i august (oktober frå og med 2017). For ordningar ein berre søkte om i mai, er tala tatt derifrå.

Mjølkeku går ned. Dette er grunna at fleire har slutta med mjølkeproduksjon. Ammeku går litt opp siste året. Talet på andre storfe går ned. Mykje mogleg har dette å gjera med dårleg haustesesong, dårleg kvalitet på fôret og at det er levert meir dyr enn for ein normal avlingssesong.

* Levert mjølkemengd kan ha gått ned noko grunna dårleg fôr og utrangering av kyr.

Sau med lam går svakt ned. Med overproduksjon er det å venta at denne går litt ned.

* Når det gjeld tal for slakta dyr (gris/kylling) her er det litt vanskeleg og hente ut då me berre får opp det som står i søknaden for den perioden. For å få heile talet for året må me inn i slaktelistene for kvar enkelt søkjar . Dette er veldig tungvindt og tidkrevjande. I år har me tatt dei med, men dei er langt frå kvalitetssikra.

Samla sett må det seiast at jordbruksproduksjonen i Sveio held seg godt opp frå år til år.

Husdyr og mjølk i Sveio 2014-2017

DYRESLAG	2014	2015	2016	2017
Mjølkekyr	390	396	395	350
Ammekyr	208	230	236	264
Andre storfe (inkludert kjøttfe)	891	927	1015	956
Sau	6472	6835	6868	6654
Lam	9114	9756	9904	9265
Slakta gris/ selde til liv igjennom året	10482	11295	10935	2635*
Avlspurker inkludert ungpurker	186	179	224	67
Verpehøns	8523	8434	8385	8336
Slakta kylling igjennom året	0	121000	92000	143000*
Hestar	115	118	118	101
MJØLK				
Mjølkekvotar aktive	21	21	21	21
Mjølkemengd i kvote	2 942 241 liter	2 942 241 liter	2 942 241 liter	2 774 960 liter
Mjølkemengd levert	2 592 919 liter	2 691 079 liter	2 640 004 liter	2 005 793 liter*
Føretak som søkjer mjølk	17	16	16	15

Kontakt oss

Dette informasjonsskrivet handlar i all hovudsak om aktuelle saker innan landbruksforvaltinga og som er aktuelle for dei som driv med landbruksverksemd i Sveio kommune. Informasjonsskrivet vert utgjeve to gonger for året - vår og haust.

Har du ris eller ros, er me glade for tilbakemeldingar! Har du bilete me kan bruka? Send dei til oss!

Informasjonsskrivet vert i hovudsak sendt til søkjarar om produksjonstilskot. Om nokon vil reservera seg mot å få skrivet, så er det berre å senda ein e-post til ashild.irene.lie@sveio.kommune.no

Andre førespurnadar kan rettast:
Sveio kommune
Postboks 40, 5559 Sveio
Tlf.: 53 74 80 00
E-post: postmottak@sveio.kommune.no

Geir Ragnhildstveit
Tlf.: 53 74 80 52
E-post: geir.ragnhildstveit@sveio.kommune.no
Seniorrådgjevar
Bygdeutvikling (Innovasjon Norge, "Inn på tunet" med meir), veterinærvakta, nydyrking, landbruksvegar, konsesjon og konsesjonsfridom, deling og dispensasjon i LNF, jordlov, arealplanar, buplikt, driveplikt, naturforvalting.

Åshild Irene Lie
Tlf.: 53 74 80 55
E-post: ashild.irene.lie@sveio.kommune.no
Rådgjevar
Produksjonstilskot, RMP, landbruksregisteret, avløysartilskot ved sjukdom, AR5/gardskart, utsiktsrydding, vassforvaltning, forureining, biologisk mangfald, naturforvalting, miljøspørsmål, utsleppsløyve m.m..

Dagfinn Fagerland Bjørge 40 % (måndag og onsdag)
Tlf.: 53 74 80 56
E-post: dagfinn.bjorge@sveio.kommune.no
Rådgjevar
SMIL, drenering/grøfting, viltforvalting m.m..

Jan Erik Larsen 10 % kontorstad, Tysvær kommune
Tlf.: 52 75 71 81
E-post: Jan-Erik.Larsen@tysver.kommune.no
Rådgjevar
Skogbruk.



Foto: Åshild Irene Lie

Landbruksforvaltinga i Sveio håpar me kan få ein god sommar med ein god vekstsesong!

Om nokon har bilete som passar og kan nyttast til det me skriv om i Landbruksnytt, set me pris på om de sender inn til Åshild Irene.